

Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 14. august 2023

Tid: 14.08.23, kl. 19.00–20.30

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Tore Tomren og Morten Øveraas

Giester: Sak 1: Tordis Sivertsen. Sak 2: Jostein Bø og Lars Sigmund Kleive

Sakliste:

1) Årsskriftet:

Orientering frå skriftstyreleiar Tordis om status for arbeidet med årsskriftet. Skriftstyret er godt i rute, og har so langt 14 artiklar klar til trykking. Sannsynlegvis blir det ytterlegare 7-9 artiklar i årsskriftet. I tillegg kjem forord, sponsorliste, og eit minneord skrive av Per Bjørn Ellingseter om Martinus Løvik.

Det vil bli ei forbetring på bokas utforming og utsjånad – mellom anna vil kvar artikkel få ein informativ forfattarboks, skriftstorleiken blir noko større, og det blir fleire og større bilete. Skriftstyret vurderer å halde igjen en meir omfattande artikkel på 30 sider til neste år.

Det er bestilt 600 eksemplar frå Interface Media. Utgiftene til trykking er på om lag 50-60 000 kr, noko som er betydeleg mindre enn tidlegare år. Bøkene kjem frå trykkeriet rundt 17 november.

Skriftstyret må vurdere om Tove bør heidrast for sitt omfattande arbeid med årsskriftet gjennom mange år.

2) Haustens aktivitetar.

- Kleive og Bø er innstilt på å arrangere ein fotokveld til hausten. Tema: Etterkrigstidas Vestnes. Det vil bli viktig å ha ein tydeleg struktur for kvelden, med eit nennsamt utval bilde, sett i kontekst og med opning for dialog med publikum – og med sal av kaffi og kaker. Tid og stad: 19. oktober, kl. 19. Tore tek kontakt med styret i Idahall for å finne ut om dette let seg realisere.
- Barnas dag på museet. Morten skal sende ein e-post til Dagfinn Wiik for å bli einig om tid og innhald.
- Bokslepp av årsskriftet, samt pakkedugnad, blir mot slutten av november
- Morten tek ansvar for Brovold-utstillinga. Dette blir i tidleg desember i samband med markeringa av Brovold sin 200-årsdag. Her vil det vere formålstensleg å sel unna noko av restlageret av *Topografisk-historisk Beskrivelse over Vestnæs Prestegjeld*.

3) Sponsorstatus.

Så langt har 27 bedrifter gitt positiv tilbakemelding. Frist: 1. september.

Morten skal sjekke ut sponsorvilja hjå nokre medlemmar av næringsforumet som me enno ikkje har kontakta.

4) Heimesida: Skal me inkludere eit lukka arkiv på heimesida?

IT-ansvarleg Tore Louis meiner det skal vere greitt å ordne ei passordbasert dropbox-løysning der alle styremedlemmer har tilgang til referat frå styremøta. Tilgangen skal vere lett å endre fortløpande. Dette må takast opp til vurdering.

5) Bygdeboksaka. Morten informerer om "siste nytt".

I eit møte har Per Bjørn Ellingseter lagt fram det som kommunen p.t. har tilgjengeleg. Det mest interessante her er svara på intervjueskjema som i si tid vart sendt ut til innbyggjarar på Helland, samt to permars med handskrivne manus av Olav Rekdal angåande Helland, og ein kladd frå Marit Rekdal Hoel når det gjeld Daugstad/Vike.

Styret kom fram til at det er lurt å skanne og digitalt arkivere dette materialet.

6) Eventuelt.

Tidspunkt for neste styremøte: 2. oktober, kl. 19.

Vestnes, 14/8-23

Referent: Tore Tomren